

Plan- og forvaltningsutvalet si handsaming av sak 25/2023 i møte den 07.06.2023:

Handsaming

Frå kommunalsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planprogram for områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen vert med heimel i plan[1]og bygningslova § 4-1, 12-2 og 12-9 vedteke med følgjande endringar som vert innarbeida i planprogrammet:

1. Plangrensa blir utvida slik at både Dalavegen 7A og Dalavegen 7 inngår i planområdet
2. I planprogrammet, under punktet «private eigedommar» (side 11), vert Leif Henning Øyre lagt inn som ein av dei store grunneigarane i planområdet.
3. «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 24).
4. Planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Følgjande tekst vert lagt inn:

Klimatilpassing

I planarbeidet skal ein avklare moglege flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtkniske løysingar for framtidige bygg.

5. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut» , «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt:

Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skuleveggar og trafikktryggleik.

6. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 14).

Teksten blir endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

7. Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "Born og unges interesser" (side 17). Teksten blir noko meir utfyllande. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

Avrøysting: samrøystes

Vedtak

Planprogram for områderegeringsplan Rutlin/Ulvahaugen vert med heimel i plan[1]og bygningslova § 4-1, 12-2 og 12-9 vedteke med følgjande endringar som vert innarbeida i planprogrammet:

1. Plangrensa blir utvida slik at både Dalavegen 7A og Dalavegen 7 inngår i planområdet
2. I planprogrammet, under punktet «private eigedommar» (side 11), vert Leif Henning Øyre lagt inn som ein av dei store grunneigarane i planområdet.
3. «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 24).
4. Planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Følgjande tekst vert lagt inn:

Klimatilpassing

I planarbeidet skal ein avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtkniske løysingar for framtidige bygg.

5. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut» , «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt:

Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skuleveggar og trafikktryggleik.

6. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 14).

Teksten blir endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

7. Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "Born og unges interesser" (side 17). Teksten blir noko meir utfyllande. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.